

**Skulen fekk nei til prosjektmidlar**

02.06.2011

**Skulen i Uskedalen har i den seinare tid fått prosjektmidlar til fleire prosjekt, men no har det kome eitt avslag. Det er frå programmet for skulebibliotekutvikling for 2011/2012. Det kom 125 søknadar og av dei vart 61 innvilga**

Uskedalen kom ikkje med i denne runden, men prosjektkoordinator Anne Kari Slettan oppmodar skulen om å søkje att til neste år då det kjem ein ny utlysingsrunde.

Uskedalen søkte om midlar også i 2010 og Sletten gjev gjerne ei grunngeving for avslaget no hvis det er ynskjeleg.